

# HØRINGSSVAR

## Veivalg for fremtidig kirkeordning

Høring februar – mai 2015

Det vises til Kirkerådets høringsnotat *Veivalg for fremtidig kirkeordning*. I høringsnotatet presenteres en rekke temaer og veivalg for den fremtidige kirkeordningen med i alt 27 spørsmål.

Se bakgrunnsmateriale på denne nettadressen: [www.kirken.no/kirkeordning](http://www.kirken.no/kirkeordning)

Høringsinstansen gjøres oppmerksom på at spørsmålene står i et visst forhold til hverandre, noe som er påpekt i teksten.

Det er også anledning til å gi svar kun på et utvalg av spørsmålene.

Høringssvar bes sendt elektronisk til [post.kirkeradet@kirken.no](mailto:post.kirkeradet@kirken.no).

(Skriv gjerne inn svarene i denne Word-fila og send den som vedlegg til epost).

Opplysninger om høringsinstansen:

Navn på menighet/kirkelig fellesråd/organisasjon: Stedje sokneråd

Adresse: Kyrkjevegen 6

Kontaktperson: Ove Bukholm

## Høringsspørsmålene

### **1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?**

Svar: Dette første spørsmålet er egentlig det siste spørsmålet å ta stilling til, då det på mange måtar representerer ein oppsummering av ein rekke av dei andre spørsmåla i høyringa. Derfor er dette første spørsmålet det mest sentrale spørsmålet i høyringa. Slik situasjonen er no, er framtidig organisering av lokal og regional forvaltning eit svært uavklart bilde. Likevel har den framtidige situasjonen på dette området svært mykje å seie for det temaet som spørsmål 1 tek opp. Slik soknerådet ser det, er tida enno ikkje klar til å ta stilling til dette spørsmålet. Her lyt kyrkja avvente resultatet av reformane innan lokal og regional offentleg forvaltning, før ein går vidare på dette

spørsmålet. Det underliggende spørsmålet, for kyrkja sin del, er kva som vil hende med soknet som kyrkja sin grunneining vidare, og i den samanheng er det underleg at dette ikkje er tydelegare tematisert i høyringa.

Det som er heilt på det reine, er at den framtidige lokale kyrkjelege styringa og organiseringa må sjåast i nær samanheng dei framtidige kommunane sine organ. Derfor bør ordninga med fellesråd vidareførast. Samstundes er det eit viktig at prestane si teneste er under tilsyn av biskopen, og at det har blitt hevda at tilsynet best kan utøvast ved hjelp av arbeidsgjevars styringsverktøy. Samstundes er det mange døme på at systemet med to styringslinjer og to arbeidsgjevarlinjer ikkje fungerer godt i konfliktsituasjonar. Det er derfor eitt mål at ein bør finne fram til eit system med ei linje. Dette spørsmålet er så omfattande og komplisert at soknerådet meiner at ei eiga utredning må til for dette spørsmålet. Dei ulike alternativa må gjerast klarare enn tilfellet er i dag.

**2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?**

Svar: Ja.

**3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.**

Svar: Livssynsavgift, innkrevd av skattestyresmaktene og fordelt ut att til ulike trussamfunn.

**4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?**

Svar: Ei meir funksjonell sokneinndeling, som er oppdatert med tanke på dagens transport- og kommunikasjonsmåtar, peikar i retning av samanslåing av fleire sokn til eitt. Ei retning mot større einingar, i retning av meir samordning av fellesråda si verksemd innan prostiet, er eit døme på den retninga soknerådet meiner ein bør gå i.

**5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?**

Svar: Grunnpremisset for organisering må vere geografiske avstander og kva som er fornuftig med tanke på transport- og kommunikasjon. Sams kriterium for heile landet vil ikkje vera tenleg. Geografisk store sokn med spreidd busetnad og lite befolkningsgrunnlag kan ha stor oppslutnad om lokal kyrkjelege aktivitet, og det må leggast til rette for at dette kan vidareførast.

**6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?**

Svar: Ja.

**7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?**

Svar: Kommunenivå, nødvendig med tanke på ein evt vidareføring av dagens finansieringsordning.

**8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellelsråd?**

Svar: Dette er også eit svært omfattande spørsmål. I og med at så mange oppgåver er flytta frå sokneråd til fellelsråd dei siste tiåra, er det mindre interessant å sitte i eit sokneråd fordi soknerådet har lite handlingsrom i økonomiske og administrative saker. Samstundes har svært mange sokneråd ikkje ressursar til å forvalte ansvar i slike saker. Dette er nok ein situasjon der det er stor varisjon frå sokn til sokn, alt etter storleik og ressursar. Derfor er det også vanskeleg å seie noko normativt om dette. Kva endringar som skal gjerast, må sjåast i samanheng med spørsmålet om soknestørrelse og sokneinndeling er avgjort. Generelt bør soknerådet si styring av verksemda i soknet gjennom planarbeid styrkast.

**9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?**

Svar: Spørsmålet er uklart. Ingen einingar bør vere heilt fristilt, men leiinga bør heller ikkje ha direkte kontroll med verksemda, som til dømes gjennom arbeidsgjevares styringsrett. Spørsmålet må sjåast i samanheng med soknerådet si styring av verksemda, slik den skjer i form av planarbeid.

**10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?**

Svar: Det bør vera opning for at presten *kan* vera dagleg leiar av den lokale kyrkja, men det bør ikkje vera normen. Her er administrativ og økonomisk kompetanse heilt sentralt. Prest bør ha sjølvstendig leiarrolle slik som i dag, men forplikta på samarbeid gjennom meir avstemt regelverk enn kva som er tilfelle i dag. Spørsmålet må elles sjåast i samanheng med spørsmål 1.

**11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?**

Svar: Ordninga med biskopen sitt tilsyn for vigsla tenester må vidareførast. Rolle som andeleg leiar må styrkast.

**12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?**

Svar: Som nemnt, ved å ha arbeidsgjevansvaret for prestane, og prostens sin rolle som biskopens regionale representant må styrkast, også i møte med andre vigsla tenestegrupper. Spørsmålet må elles sjåast i samanheng med spørsmål 1.

**13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?**

Svar: Som i dag.

**14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?**

Svar: Ja, som i dag.

**15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?**

Svar: Ikkje handsama.

**16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?**

Svar: Sjå svaret på spørsmål 1.

**17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).**

Svar: Dagens system er ikkje godt, særleg med tanke på ressursbruk og samarbeidstilhøve. Soknerådet har likevel ikkje konkret framlegg til eit alternativ. Både biskopen sitt tilsyn med prestar og andre vigsle tenester må halde fram, samstundes som stor økonomisk-administrativt sjølvstende på lokalnivå må sikrast.

**18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?**

Svar: Det bør bli rom for dette.

**19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestatjenesten og andre vigslede tjenester?**

Svar: Ved biskopen sitt tilsyn, i større grad enn i dag utøvd gjennom prost som lokal representant for biskopen.

**20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?**

Svar: Som i dag.

**21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?**

Svar: Som i dag.

**22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?**

Svar: Som 1B (s. 85 i høyringsdokumentet).